

# Vurderingsordningar – omgrep ved HVO

Utarbeidd av Studieadministrasjonen juli 2011. Revidert januar 2019.

Vurderingsordningane for eksamen ved høgskulen skal følgje Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda. Sentrale definisjonar finn ein i §1-3 og regelverk for eksamen i kapittel fem.

## **Når de skal omtale vurderingsordningar tilrår vi at de nyttar følgjande omgrep:**

### **Individuell, skriftleg skuleeksamen:**

Forklaring: Eksamen blir avvikla i eksamensrom med vakter. Det skal vere spesifisert kor lang eksamenen er, t.d. 4, 6, 8 timar osv. Tillatne hjelpemiddel skal spesifiserast, og også at det ikkje er tillate med hjelpemiddel. Kan anten vere ei sjølvstendig sensureining eller ein eksamensdel som blir gitt i kombinasjon med ei anna sensureining. I kombinasjon med ei anna sensureining, skal vektinga gå fram: xx% av endeleg karakter.

Eksamen vert normalt avvikla som digital eksamen med eigen bærbar datamaskin.

Karakteren kan påklagast.

### **Heimeeksamen:**

Forklaring: Det må vere spesifisert om heimeeksamen skal leverast individuelt eller i gruppe. Ved gruppeeksamen skal det også stå kor store gruppene skal/kan vere (t.d. 2-4 studentar, gruppe på 4 studentar osv.), og omfanget av eksamenssvaret. Det skal også stå over kor lang tid heimeeksamenen går. Eksamen skal gjennomførast digitalt i eksamensverktøyet til høgskulen. Det kan anten vere ei sjølvstendig sensureining eller ein eksamensdel som blir gitt i kombinasjon med ei anna sensureining. I kombinasjon med ei anna sensureining, skal vektinga gå fram: xx% av endeleg karakter.

Karakteren kan påklagast.

I eksamensplanen står det ein start- og sluttdato, og tidspunkt for utlevering av eksamensoppgåva og innlevering av eksamenssvar.

### **Praktisk eksamen:**

Forklaring: Det skal her spesifiserast korleis eksamen blir gjennomført, t.d. med praktiskutøvande eksamen for musikk, praktisk-metodisk eksamen i MKH osv. Det kan anten vere ei sjølvstendig sensureining eller ein eksamensdel som blir gitt i kombinasjon med ei anna sensureining. I kombinasjon med ei anna sensureining, skal vektinga gå fram: xx% av endeleg karakter.

Karakteren kan ikkje påklagast.

### **Oppgåve:**

Forklaring: Det er to former for oppgåver; individuell- eller gruppeoppgåve, og det må spesifiserast kva form for oppgåve dette er. Den kan anten vere ei sjølvstendig sensureining eller ein eksamensdel som blir gitt i kombinasjon med ei anna sensureining. I kombinasjon med ei anna sensureining, skal vektinga gå fram: xx% av endeleg karakter. Dersom det er gruppeoppgåve får studentane ein felles karakter.

Karakteren kan påklagast.

I eksamensplanen vert det oppgitt dato for kva tid eksamensverktøyet opnar for innlevering, samt innleveringsfrist.

#### **Rapport:**

Forklaring: Det er to former for rapportar; individuell- og grupperapport. Desse vert oftast nytta i samband med praksis. Den kan anten vere ei sjølvstendig sensureining eller ein eksamensdel som blir gitt i kombinasjon med ei anna sensureining. I kombinasjon med ei anna sensureining, skal vektinga gå fram: xx% av endeleg karakter. Dersom det er grupperapport får studentane ein felles karakter.

Karakteren kan påklagast.

#### **Mappevurdering:**

Forklaring: Ei samling oppgåver, produkt (t.d. kunst og handverk), rapportar m.m. som vert sensurert samla. Kan anten vere ei sjølvstendig sensureining eller ein eksamensdel som blir gitt i kombinasjon med ei anna sensureining. I kombinasjon med ei anna sensureining, skal vektinga gå fram: mappa tel xx% av endeleg karakter. Er det behov for vekting, må ein velje oppgåver som vurderingsform og ikkje mappevurdering.

Karakteren kan påklagast.

I eksamensplanen vert det oppgitt dato for kva tid eksamensverktøyet opnar for innlevering, samt innleveringsfrist.

#### **Produksjon:**

Forklaring: Studentane leverer "fysiske" produkt, og ev. skriftleg utdjupande oppgåve i tillegg (rapport, prosesskriv etc) som dei har jobba med i lengre tid. Produksjonen kan vere laga i gruppe eller individuelt, og det må gå fram. Det skal skrivast i emneplanen om det er gruppe eller individuell karakter.

Karakteren kan påklagast.

I eksamensplanen vert berre innleveringsdato og tidspunkt oppgjeve (og ingen utleveringsdato).

#### **Munnleg eksamen:**

Forklaring: Munnleg eksamen kan avviklast individuelt eller i gruppe, og dette må gå fram av beskrivelsen. Studentane får individuell karakter.

Kan anten vere ei sjølvstendig sensureining eller ein eksamensdel som blir gitt i kombinasjon med ei anna sensureining. I kombinasjon med ei anna sensureining, skal vektinga gå fram: xx% av endeleg karakter.

Karakteren kan ikkje påklagast.

#### **Munnleg justerande eksamen:**

Forklaring: Munnleg justerande eksamen skal justere ein karakter som er gjeve på eit føregående, skriftleg produkt, eksempelvis ei oppgåve eller ei mappevurdering.

Karakteren kan ikkje påklagast.

Den munnleg justerande karakteren tel 100% av endeleg karakter og har eit vektingsforhold på 1/1, medan det skriftlege produktet tel 0/1-del. Sidan karakteren på munnleg eksamen skal vere justerande, er det viktig at studentane så tidleg som råd får vite førebels karakter på den skriftlege oppgåva. Det bør vere spesifisert i emneplanen når den blir kunngjort (t.d. ei veke før, fem dagar før, ein dag før osv.). Om mogleg skal ein unngå å kunngjere dette rett før kandidaten skal inn til munnleg.